

## Referat møte Cittaslowrådet 28.3.2023 kl 19.00 – 21.00

Kantina på Sentrumsbygget

### Desse møtte:

Frå Ulvik herad: Mona H Hellesnes

Frå kultur: Haugesenteret - Geir Netland (rådsleiar)

Frå frivillige lag og organisasjonar:

Ulvik idrettsråd – Terje Strømmen, Ulvik bygdekvinne­lag – Unni Solem

Frå Hardanger produksjonsskule – Håkon Gjerde

Frå Ulvik næringslag – Anders Kristoffer Oppheim

Frå Slowfood Hardanger – Julie Gyllander

Frå Ulvik heradsstyre – Ingrid Prestegard og Hanne Li

### Forfall:

Landbruk – Ulvik og Eidfjord bondelag, Brakanes skule – Anne Hjelmevoll, Ulvik Undgdområd – Johanna Hjeltnes og Simen Bakkan Ådland, Ulvik barnehage – Sonja Haugland

### Saksliste

#### 1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkallinga og saklista vart godkjent.

#### 2. Referat frå førre møte, 7.februar

Referatet vart godkjent.

#### 3. Godkjenning av årsmelding

Leiar og sekretær gjekk igjennom utkast til årsmelding. Årsmeldinga vart godkjent med tilføyingar gjort i møtet.

#### 4. Program for nordisk Cittaslow-treff i Ulvik 7. – 8. juni

Leiar og sekretær gjekk igjennom utkast til program for samlinga, og status for dei ulike programpostane. Det er forslag om å inkludere bygda i middagen onsdag 7. juni, med ein buffet, «Smaken av Ulvik», i kongressen.

Dette vil vere eit omfattande prosjekt, og det er førespurt tilsette ved matkulturstudiet på Hjeltnes, og Brakanes hotel om dei kan få det til som eit samarbeidsprosjekt. Det må vere ein eigendel ved påmelding, men rådet bidrar med ein god del av kostandane.

Medlemmar i rådet kan delta på dei delane av samlinga som er ønskjeleg. Nærare informasjon om påmelding kjem når endeleg program er fastsett.

*Vedtak:*

*Leiar og sekretær får fullmakt til å jobbe vidare med programmet til Nordisk Cittaslow-treff.*

#### 5. Vårdugnad veke 18

Cittaslowrådet, Ulvik næringslag og Ulvik herad har hatt ein årleg ryddedag i sentrum i veke 18. Då ein ønskjer å involvere fleire i ein felles vårdugnad for eit finare sentrum, har Mona hatt møte med blomeproducentane Hjeltnes gartneri, Ljono stauder og Undeland gard. Ho har og hatt møte med huseigarar og andre interessenter i sentrum. Alle er positive til å bidra på sine område.

Skulen og barnehagen blir oppmoda om å ha ryddedagar som dei har hatt tidlegare, i denne veka også. Cittaslowrådet kjøper inn noko sommarblomar til å ha som supplement der det trengs.

Laurdag 7. mai er det utdeling av hanskar og sekkar på turistkontoret, for dei som ønskjer å bidra. Ulvik næringslag organiserar. Mona sjekker med teknisk om henting av boss.

## 6. Nytt frå heradet

Nærings- og reiselivssjef informerte om følgjande:

- Ingrid Prestegard er tilsett som prosjektleiar i det tre-årige fellesprosjektet mellom Ulvik og Eidfjord om omstilling i reiselivet
- Heradet har sagt ja til å ta imot 10 nye flyktingar i 2023, og det er lyst ut ein 50% stilling som flyktingekoordinator i tillegg til den 100%-stillingen vi alt har. Vi får tilbakemeldingar på at det er vanskeleg å ta del i det sosiale på fritida i bygda. Her kan vi alle gjere ein jobbe med å invitere med på tur og aktivitetar som passar for både vaksne og barn. Skal vi behalde dei nye innbyggjarane er det viktig at dei blir inkludert.
- Deler av Allmenningen skal utformast betre som ein opphaldsstad, og ikkje berre vere parkering. Det er viktig med møteplassar i det offentlege rom, og vi kan få til noko bra her. Ny reguleringsplan for sentrum er under utarbeiding, og meir permanente løysingar vil komme når planen er vedtatt.
- Det er lyst ut stilling som kommunalsjef oppvekst, som vil styrka arbeidet i skule, barnehage og det som elles gjelde oppvekst. Godt kvalifiserte søkarar, og tilsetning skjer i desse dagar.
- Det er sett saman eit påskeprogram med mykje aktivitet for heile familien frå mange aktørar i bygda. Heradet går i tillegg ut med tilbod om bruk av idrettshall dei fleste dagar, med transport til Osafjellet/Viermyr, og med familiebadning onsdag.
- Familiebadning på søndagar har vore godt besøkt, og det vert jobba for å få den som eit fast tilbod frå hausten av.
- Næringshagen Hardanger og Voss har fått støtte frå kommunane i regionen for å etablere digitalt studiesenter med desentraliserte utdanningstilbod. I samarbeid med høgskulen på Vestlandet, ønskjer dei å etablere desentralisert førskulelærarutdanning i regionen dersom interessa er stor nok. Om høgskulen får godkjent tilbodet blir det oppstart i januar 2024.

## 7. Open post

- Håkon informerte om at fagskulen reknar med å få svar i mai på to nye utdanningstilbod, gastronomisk turisme og pommelièr. Målet er å få desse i gang frå januar 2024.
- Julie informerte om Terra Madre, ein Slow Food-festival som blir arrangert i Holmen 30.juni til 1.juli. Tema for festivalen er Slow Food Travel, og det blir mykje spennande på programmet.
- Geir informerte om at Haugesenteret har tilsett Heidi Lund Berg som ny vertskaps- og programansvarleg ved Haugesenteret.
- Ingrid informerte om at næringslaget rustar opp kontordelen i Handelslaget med oppussing, nye møblar, med meir. Blir ein flott stad å ha møte, og leige kontor plass for ein dag, månad eller kor lenge ein treng det.
- Hardangerfjord Adventure kjem til å ha ein ribbåt i Ulvik i heile sommar, stasjonert ved hotellet.
- Brakanes hotel er i slutfasen på tilsetning av ny direktør, og det ser bra ut for sommarsesongen. Dei er tatt opp som medlem i «De Historiske hoteller og spisesteder», og har alt fått bookingar gjennom deira system.
- Terje oppmoda om betre oppfølging av samarbeidsavtalen mellom heradet og Idrettsrådet.
- Unni informert om at Ulvik bygdekvinnelag vil tilby kurs i Hardangersaum til hausen.

**Neste møte blir 30. mai kl 19.**

Referent:

Mona H Hellesnes, sekretær Cittaslowrådet